

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teatersalen i Manufakturhuset, inngang Bergen rådhus,

Dato: 13. juni 2025

Klokkeslett: 09.30-12.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 6. juni 2025

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 39/25 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 40/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.04.2025.....	2
Sak 41/25 Økonomirapportering per første tertial.....	2
Sak 42/25 Målrappotering per første tertial	2
Sak 43/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 3: Foreløpige resultat ..	3
Sak 44/25 Tilleggsnotat til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029».....	3
Sak 45/25 Sykkelmotorveier eller hummer og kanari? Val av standard for gåande og syklende	3
Sak 46/25 Jernbanedirektoratet orienterer om reisetil.....	4
Sak 47/25 Eventuelt, byvekstavtalen	4
Saksliste bypakke Bergen	4

Saksliste byvekstavtalen

Sak 39/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 40/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.04.2025

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 41/25 Økonomirapportering per første tertial

Sjå vedlegg 2

Rapport frå første tertial er klar. Den viser at prosjekta i byvekstavtalen til saman har ei løyving på 1,2 mrd. over statsbudsjettet i 2025, med ein prognose på 1,3 mrd. Dette inneber at det er planlagt å bruke midlar som er løyva tidlegare år.

Grunna overførte midlar frå tidlegare år til 2025 tilseier prognosen likevel eit mindreforbruk på 216 mill. Dei vesentlege avvika er på post 30 (investeringstiltak på riksveg, kommunal og fylkeskommunal veg), totalt 98 mill, og post 66 (belønningsmidlar til Skyss og kommunane, i tillegg til midlar til reduserte billettprisar og betre kollektivtilbod), totalt 93 mill. På post 30 er avviket på 40 mill. grunna varige innsparingar på ferdige prosjekt frå tidlegare år. Sekretariatet har fått opplyst at dette i all hovudsak er midlar der omdisponeringa må bli vurdert nasjonalt.

Det er ønskeleg at partane er budd på å kommentere eigne tal i hovudtabellen i tertialrapporten (Tabell 1).

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 42/25 Målrapportering per første tertial

Statens vegvesen gir ei kort orientering i møtet.

Det er nullvekstmålet for persontransport med bil som ligg til grunn for byvekstavtalane. For oppfølginga av avtalane ligg det eit felles indikatorsett til grunn. Samla oversikt over utviklinga i byvekstavtalane er tilgjengeleg her: [Trafikkutvikling | Statens vegvesen](#).

Trafikkutviklinga for persontransport med bil blir målt på to måtar: Med *byindeksen*, som blir estimert ut frå definerte trafikkregistreringspunkt (trafikkteljingar), og med den totale trafikken i byområdet målt i *køyretøykilometer* (trafikkarbeidet), som blir berekna med data frå reisevaneundersøkinga. Byindeksen er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet, og trafikkarbeid er ein støtteindikator.

Tala for byindeksen blir oppdatert kvar månad. Resultata viser at byindeksen ved årsskiftet 2024/2025 var 0 % - altså nullvekst. Dei første månadene av 2025 har trafikken auka, samanlikna med 2018, og siste oppdaterte tal er frå april 2025, som viser 0,6 pst. vekst i byindeksen samanlikna med 2018.

Trafikkarbeidet blir rapportert årleg, og er nettopp oppdatert med tal for 2023/24. Transportøkonomisk institutt (TØI) har estimert trafikkarbeidet til å ha auka med 2 % frå 2018 til 2023/2024 i Bergensområdet basert på resultata frå reisevaneundersøkingane.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 43/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 3: Foreløpige resultat

Sjå vedlegg 3

I denne saka vil det bli orientert om dei analyseresultata som ligg føre per no frå modellberekningane for byutgreiinga for Bergensområdet (milepæl 3). Dette er i tråd med mandatet for Byutredning Bergensområdet 2025, der det blir føresett at både styringsgruppa og administrativ gruppe blir informert og involvert undervegs i utgreiingsarbeidet. I møtet blir hovudfunna for nokre enkeltverkemiddel som inngår i pakkane presentert, saman med hovudfunn for verkemiddelpakkane 1 og 2 så langt analysane har kome. For verkemiddelpakkane 3 og 4 vil resultat først liggje føre på eit seinare tidspunkt.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 44/25 Tilleggsnotat til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029»

Sjå vedlegg 4 og 4 b

Styringsgruppa vedtok gjennom sak 76/24 «Innfartsparkering i byvekstområdet» å opprette ei arbeidsgruppe med føremål om å styrke samordninga og få ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering innafor rammene i gjeldande strategi. I denne saka legg arbeidsgruppa fram tilleggsnotat til strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029.

Forslaget i tilleggsnotatet kombinerer nokre felles faste rammer med rom for fleksibilitet og tek omsyn til at det er ulike behov i Bergen kommune og i nabokommunane. Det blir mellom anna lagt opp til etablering av ei offisiell oversikt over innfartsparkeringar som vil bli handsama årleg i styringsgruppa i Miljøløftet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til «Tilleggsnotat til strategi for innfartsparkering».

Sak 45/25 Sykkelmotorveier eller hummer og kanari? Val av standard for gåande og syklande

Vestland fylkeskommune går gjennom arbeidet med gang- og sykkelanlegga. Dei vil vise erfaringar frå andre byar og døme på prosjekt i avtaleområdet. Dei vil vise korleis dei kuttar kostnader, kva resultat dei får og korleis dei vil utvikle dette vidare.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 46/25 Jernbanedirektoratet orienterer om reisetat

Jernbanedirektoratet presenterer ein status i møtet, med utvikling i reisetat, KTI og punktleghet for første tertial i 2025. Hittil i år har det vore ein auke på 70 prosent reiser på Arna-lokalen, samanlikna med tilsvarande periode i fjor.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 47/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Ingen saker er meldt inn